

Byggefirma Nilsen & Andersen AS
Sandviksveien 163A
5035 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/14203 - 21/59556

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@alver.kommune.no

Dato:
12.09.2021

Svar på førespurnad som gjeld underetasje - gbnr 196/159 Midtgård

Vi viser til din førespurnad av 26.08.2021 som gjeld forhold knytt til underetasje i bustad på gbnr 196/159.

Det vart i søknad stempla mottatt 17.06.2014 søkt om oppføring av bustad med ei bueining på eigedomen gbnr 196/159. Byggeløyve vart gitt i vedtak datert 24.11.2014. Søknad om endring av gitt løyve vart mottatt 21.03.2016, men vart ikkje realitetsbehandla. Godkjend endringsløyve vart gitt i vedtak datert 21.12.2020. Endringa omfatta endra plassering av bustad, murar og etablering av ny bueining i underetasje.

Kommunen har ved behandlinga av søknaden lagt til grunn at tiltaket er oppført i samsvar med tekniske krav til byggverk slik det går fram av TEK10. Vi har vidare lagt til grunn at nødvendig ansvar for prosjektering og utføring av tiltaket ligg føre gjennom dei erklæringar om ansvar som er send inn i saka, jf. plan- og bygningslova § 23-4 og SAK 10 § 12-2. At kommunen har rettleia tiltakshavar i forhold til etablering av ekstra bueining, vil ikkje fritta frå kravet om at arbeidet skal vera belagt med ansvar.

Når det gjeld forenklingar i byggsaksforskrifta (SAK10) knytt til ombygging og utleige av eigen bustad, som du viser til, gir denne bestemmelsen unntak frå enkelt krav i forskrifta ved bruksendring frå tilleggsdel til hovuddel, eller omvendt innanfor ei bueining. Unntaka gjeld ved bruksendring i bustadar som vart oppført før TEK10 trådte i kraft, det vil seia bustadar der det er søkt om oppføring av bygget før 1. juli 2011.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Byggefirma Nilsen & Andersen AS

Sandviksveien 163A

5035

BERGEN